


# SENSORVEILEDNING

<b>Emnekode:</b>	LNORP20117
<b>Emnenavn:</b>	Norsk/nordisk språkstruktur før og nå
<b>Eksamensform:</b>	Individuell munnleg eksamen: Fagleg foredrag 20 minutt, etterfølgende samtale med sensorane i ca. 10 minutt
<b>Dato:</b>	Måndag 10. og tysdag 11. desember
<b>Faglærer(e):</b>	Åshild Søfteland
<b>Eventuelt:</b>	



## **NOR301: Norsk/nordisk språkstruktur før og nå**

### **Sensorrettleiing H2018**

Eksamensform: Individuell, munnleg presentasjon: 20 min. foredrag + 10 min. spørsmål

Tidspunkt: Måndag 10. og tysdag 11. desember

Sensorar: Ingvil Brügger Budal (ekstern) og Åshild Søfteland (intern, faglærer)

Arbeidsomfang: ca. 60 timar (3 vekers arbeid), inkludert rettleiing med faglærer

Lenke til emneplan: [www.hiof.no/studier/emner/lu/2018/host/lnorp20117.html](http://www.hiof.no/studier/emner/lu/2018/host/lnorp20117.html)

### **Eksamensoppgåve:**

Hald ein munnleg presentasjon på 20 minutt om eit valfritt tema innanfor moderne norsk/nordisk språk og/eller språkdidaktikk. Tema blir avgjort i samråd med faglærer

Foredraget skal innehalde presentasjon av eiga datainnsamling (t.d. frå korpussøk, intervju / fokusgrupper, spørjeskjema, læremiddelevaluering, nettsideevaluering, læreplananalyse etc.), og referansar til faglitteratur på nivå med pensumlitteraturen på emnet

Det faglege nivået på foredraget skal rette seg mot medstudentar på kurset.

Studentane må gjerne anvende presentasjonsverktøy av ulike slag.

Alle bør ha med eit støtteark (handout) med litteraturliste og ev. informasjon om data el.a.

### **Relevante kompetansemål frå emneplanen**

Kandidaten

- har brei kunnskap om språkdidaktiske, språkteoretiske og tilhøyrande metodiske problemstillingar relevant for norskfaget
- har god kunnskap om norsk språkstruktur, kontrastivt til andre nordiske språk
- kan analysere og samanlikne språkstruktur innanfor moderne norsk og/eller skandinavisk
- kan nyttiggjere seg rettleiing i samband med oppgåveskriving og munnlege presentasjonar

- kan planlegge og gjennomføre eit foredrag om eit bestemt språkleg tema innanfor moderne norsk eller skandinavisk, inkludert teoretisk og/eller metodisk refleksjon
- kan formidle faglege og fagteoretiske synspunkt til medstudentar og lærarar

### **Dette blir vektlagt**

Fagleg innhald (*viser god kunnskap, kan analysere*)

Struktur i foredraget (*planlegge, formidle generelt*)

Sjølvstendig refleksjon (*analysere, samanlikne, formidle faglege synspunkt*)

Refereransar til faglitteratur – lingvistisk og/eller didaktisk (*brei kunnskap, gjennomføre foredrag*)

### **Nasjonale fagspesifikke karakterbeskrivingar for norsk-/nordiskfaget**

(Fastsett av Nasjonalt fagråd for nordisk språk og litteratur)

#### **Generelt**

For nordiskfaget har vi valt å gi generelle kvalitative omtalar av verdien av bokstavkarakterskalaen samla for kvart av dei tre nivåa: Basisnivå, fordjupingsnivå og masternivå.

På alle nivå i nordiskfaget er det tre hovudaspekt som skal målast ved eksamen:

- a) Kunnskapsnivået
- b) Evne til problemløysing og kristisk innsikt i fagstoffet
- c) Språkføring [skriftleg]

Til eksamen vil det generelt vere slik at alvorleg svikt på eitt av desse overgripande punkta vil føre til stryk, same kor godt dei andre aspekta er meistra.

(...)

#### **Fordjupingsnivå**

Karakter og presisering av kriterium:

**A** Framifrå innsikt i det kunnskapsinnhaldet som er definert for fagnivået. Tilsvarande evne til kritisk vurdering og problemløysing. Sikker og formelt korrekt språkføring [skriftleg].

**B** Svært god innsikt i kunnskapsinnhaldet som er definert for fagnivået. Tilsvarande evne til kritisk vurdering og problemløysing. God og formelt sikker språkføring [skriftleg] utan vesentlege feil.

**C** God innsikt i det kunnskapsinnhaldet som er definert for fagnivået. Tilsvarande evne til kritisk vurdering og problemløysing. God og formelt sikker språkføring [skriftleg] utan alvorlege systemfeil.

**D** Nokså bra innsikt i det kunnskapsinnhaldet som er definert for fagnivået. Tilsvarande evne til kritisk vurdering og problemløysing. Nokså sikker og formelt bra språkføring [skriftleg] utan alvorlege systemfeil.

**E** Eit visst kunnskapsnivå i høve til det som er definert for fagnivået. Lita evne til kritisk vurdering og problemløysing. Ustø språkføring [skriftleg] med fleire innslag av systemfeil.

**F** Tilfredsstillar ikkje minimumskrav til det kunnskapsnivået som er definert for fagnivået. Manglande evne til kritisk vurdering og problemløysing. Ustø språkføring med fleire innslag av systemfeil.